

# Mjåvatn kraftverk

## Ål kommune i Buskerud



**Informasjonsbrosjyre som gjeld  
melding med forslag til KU-program.  
Januar 2012.**

**småkraft**<sup>®</sup>



## Melding

**Denne brosjyren informerer om melding for bygging av Mjåvatn kraftverk. Prosjektet vil utnytte fallet mellom dei regulerte vatna Stolsmagasinet og Rødungen. Elva mellom dei to magasinane går via Tvistvatnet, som ikkje er regulert. Prosjektet medfører ingen nye reguleringar. Både vassveg og kraftstasjon blir liggjande i fjell.**

Utbygginga av Mjåvatn kraftverk er eit samarbeid mellom dei lokale grunn-eigarane og Småkraft AS. Det er laga avtalar mellom grunn-eigarane og Småkraft AS som regulerer forholdet rundt realisering og drift av prosjektet. Småkraft er konsesjonssøkjare og skal eige kraftverket dei første 40 åra frå idriftsetjing. Det har vore forsøkt å inngå avtale med E-CO, som har ein mindre andel av fallretten.

Etter reglane om konsekvensutgreiing i plan- og bygningslova skal

utbygging av Mjåvatn kraftverk konsekvensutgreiast mellom anna med tanke på verknader for miljø, naturresursar og samfunn.

Målet med ei melding er mellom anna å orientere om utbygginga slik at ein skal kunne kome med synspunkt på planane på eit tidleg tidspunkt. Meldinga skal vere grunnlag for fastsetjing av program for konsekvensutgreiinga. Konsekvensutgreiinga er ein viktig del av konsesjonssøknaden.



Fjellparti mellom Rødungen og Mjåvatn.

## Kvifor byggje Mjåvatn kraftverk?

Mjåvatn kraftverk kan bidra med ein monaleg andel fornybar straumproduksjon og vil i eit normalår tilsvare forbruket til 2400 hushald.

Prosjektet vert planlagt i eit vassdrag som allereie er regulert. Mjåvatn kraftverk, som vil utnytte fallet mellom

Stolsmagasinet og Rødungen, vil derfor også få betydeleg produksjon om vinteren. Det er også moglegheiter for ei viss effektkjøring. Dei miljømessige konsekvensane vert truleg små sett i høve til gevinsten.

## Dagens situasjon

Prosjektområdet omfattar elvestrekninga mellom Stolsmagasinet og Rødungen i Ål kommune i Buskerud. Ved inntaket i Stolsmagasinet er samla nedbørsfelt ca. 300 km<sup>2</sup>.

Holselva og øvre del av Votna, som er sideelvar til Hallingdalselva, er utbygde i Hol I, II og III kraftverk. Hol I,

som er relevant i denne samanhengen, vart bygd ut av Oslo Lysverker, og 1. aggregat vart sett i drift i 1949.

Utbygginga av Hol I omfattar, forutan kraftanlegget på Ruud i Hol, med sine tilløpstunnelar frå Varaldsetvatnet og Strandevatnet, også reguleringar av fjellsjøane i Holselva og

Votna. Av desse er Stolsmagasinet det største.

Det er fallet mellom dei regulerte vatna Stolsmagasinet og Rødungen som er tenkt utnytta i eit Mjåvatn kraftverk.

E-CO har tidlegare varsla ei utbygging tilsvarande Mjåvatn som er kalla Frosen kraftverk. Dette prosjektet er lagt til side, og E-CO har sendt melding om utbygging av Hol 1 Stolsvatn.

## Utbyggingsplanar

I meldinga er det presentert tre alternativ til utbygging. Alternativ 1A er vist her i brosjyren. Dei to andre alternativa er i hovudtrekk tilsvarande, men alternativ 1B har kraftstasjon plassert i sjakt, slik at tilkomsttunnel og hjelpetunnelar utgår. Alternativ 2 har kraftstasjon plassert lågare, slik at ein kan utnytte fall ned til kote 1012. For kart og detaljar: jamfør meldinga.

### Magasin

Mjåvatn kraftverk vil utnytte tilsiget til det eksisterande Stolsmagasinet. Utløpet blir i den regulerte Rødungen i Votnavassdraget. Ingen nye magasin vert etablert.

### Vassvegar

**Alternativ 1A:** Inntaket til tilløpstunnelen vert plassert rett sørvest for dam Mjåvatn.

Frå inntaket vil tilløpstunnelen verte ca. 750 m lang, med eit tverrsnitt på 20 m<sup>2</sup>. Det vil bli bygd eit sandfang på ca 50 m. Utløpstunnelen får same tverrsnitt som tilløpstunnelen og blir ca. 460 m lang. Dei siste ca. 100 m i Rødungen blir ein kanal. Total vassveglengde blir ca. 1400 m.

Heile tunnelen er tenkt driven via transporttunnel frå tilkomsttunnelen.

Utløpet er tenkt plassert i Rødungen, slik at kraftverket kan nyttast ned til eit undervatn på 1017 moh.

**Sted for påhugg til adkomsttunnel.**





Kart Alternativ 1A.

## Kraftstasjon

**Alternativ 1A:** Kraftstasjonen vert lagt i fjell. Det er planlagt installert ein Francis-turbin med installasjon på ca. 14,3 MW basert på ein midlare fallhøgde på 72 m.

Dei geologiske forholda i stasjonsområdet vil vere avgjerande for endeleg orientering av stasjonshallen. Hallen får ei lengd på ca. 25 m, høgde på ca. 25 m og breidde på ca. 15 m. Totalt utsprengt volum for stasjonshallen vert ca. 12 000 m<sup>3</sup> (utkjørt masse).

Det er planlagt ein slukeevne på inntil 23 m<sup>3</sup>/s, dvs. 240 % av middelvassføringa.

## Tilhøyrande anlegg

**Alternativ 1A.** Påhugget til tilkomsttunnelen til kraftstasjonen vert liggjande nær brua på ca. 1040 moh. Tilkomsttunnelen vert ca. 325 m lang, med eit tverrsnitt på ca. 35 m<sup>2</sup>. Ved

tunnelåpninga vert det bygd ein enkel portal.

Det vert laga hjelpetunnelar til tiløpstunnel og utløpstunnel. Kabel frå kraftstasjonen skal etter planen leggjast i tilkomsttunnel.

## Vegar og transportanlegg

Det vil verte bygd ca. 1 km ny veg som del av dette prosjektet. Ut over tilkomst til kraftverksportal er vegbehovet knytt til kvar massane skal deponerast. Det er i utgangspunktet eit mål å byggje så lite veg som mogeleg.

Delar av eksisterande vegnett må oppgraderast.

## Plassering av massar

Alternativa vil generere eit volum på ca. 90 000 m<sup>3</sup> sprengstein (utkjørt masse) for alt. 1A. Tilsvarende tal blir ca. 80 000 m<sup>3</sup> for alternativ 1B og ca. 100 000 m<sup>3</sup> for alternativ 2.

Tunnelmassane er føresett plassert i massedeponi. Det er førebels føresett at desse skal lagrast mellombels i eksisterande massetak under HRV på Rødungen. Utnytting av massane til vegformål o.l. vil verte vurdert. Endeleg val av deponiområde blir gjort etter

at konsekvensane av ulike alternativ er utreda, og i dialog med grunneigarar og offentlege myndigheiter. Det kan også verte vurdert mellombels massedeponi på land nær påhugget for tunnelen. Dette vil ein sjå nærare på i utgreiingsfasen.

## Nøkkeltal:

### Teknisk beskriving av tiltaket

Denne brosjyren presenterer alt. 1A for utbygging av Mjåvatn kraftverk,

dei to andre alternativa har mindre justeringar og er vist i meldinga. Hovuddata for alt. 1A er gitt i tabell 1.

**Tabell 1:** Hovuddata for Mjåvatn kraftverk, alt. 1A.

Mjåvatn kraftverk	Eining	Alternativ 1A
Brutto midl. fallhøgde	meter	72
Installasjon	MW	14,5
Produksjon, sommar	GWh	18,0
Produksjon, vinter	GWh	30,4
Prod., årleg middel <sup>1)</sup>	GWh	48,4
Utbyggingskostnad	mill. NOK	178
Utbyggingspris primo 2010	NOK/kWh	3,7

1) Det er føresett slipping av vatn tilsvarande 5 – persentilen til Mjåvatn lokalfelt for høvesvis 5 – persentil vinter og 5 – persentil sommar. Utan slipping vert produksjonen om lag 49,3 GWh.

## Utbyggingane i høve til offentlege planar

### Kommuneplan

Heile tiltaket vil verte lokalisert i eit område som er lagt ut som LNF-område (landbruks-, natur- og friluftsområde) med byggjeforbud i arealdelen av Ål kommunes kommuneplan. Området er i kommuneplanen definert som fjellområde med få tekniske inngrep. I eit slikt område er det generelt forbod mot bygging som ikkje er knytta til primærnæringa.

### Fylkesplanen

Fylkesplanen for Buskerud (2005–2008) har ingen konkrete føringar for det området som planane gjeld.

### Nasjonalparkar og andre verneområde

Prosjektet vil ikkje ha innverknad på område som er verna eller er omfatta av framlegg om vern etter naturvernlova, og ingen verna område ligg i nærleiken av prosjektområdet.



Dam i utløpet av Mjåvatn.

## Vassdragsvern

Ingen delar av prosjektområdet har innverknad på vassdrag som inngår i verneplan for vassdrag. Hivjuåni, som vart verna i verneplan IV, er det næraste vassdraget som inngår i verneplanen. Denne elva ligg ca. 13 km mot sørvest. Mot nord ligg Mørkedøla ca. 15 km frå prosjektområdet.

## Samla plan

Det prosjektet som vert beskrive i denne meldinga, er ikkje tidlegare vurdert i Samla plan for vassdrag (SP). Eit anna prosjekt som skulle ta vatnet direkte frå Stolsmagasinet, og utnytte dette i Nye Hol kraftverk, vart i SP plassert i gruppe III/II pga dårleg økonomi (St.meld. nr. 63 (1984–85)). Det har nå vorte søkt om unntak frå SP for Mjåvatn kraftverk. Direktoratet

for naturforvaltning (DN) gav unntak frå SP i brev av 4. oktober 2010.

## Løyve

Gjennomføring og drift av dette prosjektet vil krevje løyve eller særskild vurdering etter følgjande lover:

- Vassressurslova av 24. november 2000
- Plan- og bygningslova av 27. juni 2008
- Energilova av 29. juni 1990
- Forureiningslova av 13. mars 1981 (anleggsperioden)
- Kulturminnelova av 9. juni 1978 (vegframføring)

Det kan også verte aktuelt å krevje bruksordning med heimel i jordskifte- loven dersom ein ikkje oppnår avtale med E-CO.

# Sannsynlege konsekvensar for miljø og samfunn

Det planlagde kraftverket vil medføre ein del endringar i dei fysiske forholda i vassdraget. På den strekninga av vassdraget som planane gjeld, vil det verte ein reduksjon i vassføringa. I dag er vassføringa på denne strekninga på årsbasis betydeleg større enn det som er naturleg. Dette skuldast at delar av Stolsmagasinet naturleg drenerer til Hallingdalselva lenger mot nordvest. I fyllingsperioden for Stolsmagasinet, derimot, er den aktuelle elvestrekninga på det næraste tørr. Midt på den strekninga som tiltaket gjeld, ligg Tvistvatnet. Dette er uregulert, men Tvistvatnet har i dag unaturleg høg gjennomstrømming. Etter gjennomføring av planane som er omtala i denne meldinga, vert gjennomstrømminga mindre enn det som er naturleg.

Kraftverket med vassveg og kraftstasjon blir liggjande i fjell. Overskuddsmassane skal dels nyttast til vegbygging mellom eksisterande veg og atkomsttunnelen og dels til lokale

vegforemål. Eventuelt overflødige massar skal leggjast i deponi. Det skal ikkje lagast andre vegar i samband med tiltaket.

## Landskap

Den planlagde utbygginga mellom Stolsmagasinet og Rødungen vil framom alt påverke landskapet gjennom redusert vassføring i elva. I dagens situasjon er vassføringa variabel, alt etter kva for magasin som vert prioritert med omsyn til oppfylling og tapping. Etablering av mellombels massedeponi i det området der det i dag vert tatt ut grus frå reguleringssona i Rødungen, vil ikkje påverke landskapet vesentleg. Kraftoverføringa frå kraftverket vil gå i kabel som er føresett gravd ned i reguleringssona i Rødungen. Den kan alternativt verte lagt på botnen av Rødungen. Uansett vil ikkje dette gje vesentleg landskapspåverknad. Tiltaket vil ikkje ha konsekvensar for INON-område.

**Rester etter seter i Rødungen.**





Inntaksområde Mjåvatn.

## Naturmiljø

I anleggsfasen vil auka menneskeleg aktivitet få ein viss skremmeeffekt på vilt. Det må takast spesielle omsyn til villrein, fordi denne har spesiell merksemd i miljøforvaltninga. Etter utbygging vil situasjonen for vilt vere tilnærma uendra. Redusert vassføring kan gje negative konsekvensar for fossekallen, som er tilknytta vassdragsnære miljø, men ein bra minstevassføring kan hjelpe til med å oppretthalde dei økologiske funksjonane elva har.

Dei elvenære områda vert i periodar påverka av fukt frå elva. Ein reduksjon av vassføringa vil påverke luftfukta i kløfta langs elva. Dette kan få konsekvensar for eventuelle fukt-krevjande artar lav eller mose. Dersom tilkomstvegen til kraftstasjonen vert lagt i strandsona av Rødungen, vil tiltaket kun gje små negative konsekvensar for flora og vegetasjon.

Redusert vassføring i elva vil påverke aurebestandane når det gjelder gyte- og oppvekstområde og næringstilhøve. Elva er mellombels stri både oppstrauts Rødungen og

oppstrauts Tvistvatnet, så gyteforholda for aure er ikkje særleg gode. Ein kan mellombels gå ut frå at utløpet av Juvåni i Tvistvatnet har verdi som gyteområde. Det er venta at ein reduksjon i periodane med spesielt stor vassføring i elva vil ha ein positiv effekt for fisk, medan begrensningane som ligg i låg vassføring vil verke negativt.

Tiltaket vil medføre ein marginalt høgare sommartemperatur og lågare vintertemperatur i Juvåne og delar av Tvistvatnet. I Rødungen vil temperaturen bli marginalt høgare om vinteren og lågare om sommaren etter utbygging.

## Kulturminne og naturmiljø

Dersom vegen til kraftstasjonen vert lagt i tilstrekkeleg avstand frå setertuftene i reguleringssona i Rødungen, reknar ein ikkje med at det vert nemnande skader på kulturminne eller naturmiljø. Det er også funne spor etter jarnutvinning og kullgroper i nærleiken av der setervegen stoggar i dag, men når desse er kjende, kan vegen leggast slik at ein unngår konflikt.



Tursti over elva mellom Tvistvann og Rødungen.

## Jord- og skogbruk

Landområda i prosjektområdet vert nytta til sauebeite. Antalet sau og storfe som nyttar dette området, har gått ned i den seinare tid på grunn av at det generelt er mindre sauehald i regionen no enn tidlegare. I relativt kort avstand frå prosjektområdet er det framleis seterdrift, men det er ikkje slik aktivitet i det området som vert påverka av utbygginga. Ein ventar difor ingen konflikt med landbruksinteresser.

## Forureining, vasskvalitet og vassforsyning

I anleggsperioden vil det verte ein del utslepp av spylevatn og av vatn som inneheld partiklar frå tunneldrifta. Det vil difor verte laga planar for handtering av spylevatnet for å redusere risikoen for miljøskade. Dette vil ein sjå nærare på i konsekvensutgreiinga.

Det vil verte sett i verk førebyggjande tiltak for å unngå forureining av grunnen i anleggsområdet og av tippmassane. Det finst ikkje drikkevatt å ta omsyn til i denne delen av vassdraget.

## Mineral- og masseførekomstar

I reguleringssona i Rødungen tar ein årleg ut ca. 1000 m<sup>3</sup> grus. Tidlegare var uttaket mindre, men det har vore uttak i det same området i mange år. Grusen vert nytta til vedlikehald av fjellvegane i området. Dette er det einaste uttaket i området, og det er ikkje kjende førekomstar av mineral som det er interesse for å nytta. Utbygginga vil resultere i ein del overskotsmasse etter tunneldrifta. Noko av massen må nyttast til å byggje vegen bort til tilkomsttunnelen til kraftstasjonen, medan resten kan knusast og nyttast til vedlikehald av fjellvegane.



Grusuttak i Rødungen.

## Friluftsliv og reiseliv

Utbygginga vil resultere i mindre vassføring i elva mellom Stolsmagasinet og Tvistvatnet, og mellom Tvistvatnet og Rødungen. Dette vil medføre ei noko redusert naturoppleving for dei som ferdast i området i sommarhalvåret.

## Bidrag til kraftoppdekning

Ein utbygging av Mjåvatn kraftverk vil gje eit bidrag til kraftoppdekninga i Noreg. Prosjektet vil dessutan føre til betre resursutnytting i vassdraget, som allereie er regulert.

## Næringsliv og sysselsetting

Anleggsperioden vil strekkje seg over ca. to år. Behovet for arbeidskraft vil variere mellom dei ulike fasane av prosjektet, men det største behovet vil truleg vere knytta til tunneldriving, byggjearbeid og til montering av utstyr. Det vil under heile anleggs-

perioden vere behov for lokal arbeidskraft, delleransar frå lokale firma og spesialistar frå ulike fagmiljø.

Utbygginga av Mjåvatn kraftverk vil bidra positivt til energibalansen i Norge med auka produksjon, og gje Ål kommune ekstra skatteinntekter. Prosjektet vil også gje positive verknader for næringslivet i området i form av større etterspurnad etter varer og tenester, og auka inntekter til respektive bruk.

Bygging av Mjåvatn kraftverk vil gje betydelege inntekter for kommunen og det lokale næringslivet. Grunneigarane vil i driftsfasen motta fallelige knytt til overskotet frå kraftproduksjonen. Universitetet for miljø og biovitenskap (UMB) på Ås har gjennomført eit prosjekt for å kartleggje verdiskapinga i prosjekt der grunneigarane mottek fall-leige som andel av overskot (Aanesland og Holm, 2009). Basert på studium av 22 småkraftverk

er dei lokale ringverknadene rekna til 60 øre i tillegg til kvar krone grunn-eigar får i overskot frå eit kraftverk. I samandraget står det mellom anna: «Falleien har en indirekte virkning(ringvirkning). Falleien har en inntektsmultiplikator på omkring 0,6. Det vil si for hver krone eier mottar i falleie, øker dette den samlede inntekten i kommunen med 1,6 kroner. Falleien øker egenkapitalen og øker dermed lånemuligheten som gir anledning for å bygge ut annen virksomhet i bygdene.»

## Transportsystem

Dei ulike anleggsobjekta vil i stor grad verte plasserte ved eksisterande vegar. Det vil vere noko behov for opprusting av tilkomstvegen samt bygging av korte tilførsleveggar til tunnelpåhugg, massedeponi m.m. Bru over Juvåne må byggjast.

## Helsemessige forhold

I anleggstida vil det verte noko støy i samband med sprengingsarbeid og transport av tunnelmassar. Det nye kraftverket vil ikkje forårsake merkbar støy i driftsfasen.

Avfall vil verte samla i eigna containerar og transportert til forbrenningsanlegg eller offentleg godkjend fyllplass. I driftsperioden vil avfall hovudsakleg bli teke hand om av renovasjonsordninga i kommunen.

## Avbøtande tiltak

Avbøtande tiltak vil bli vurderte for kvart deltema i konsekvensutgreiinga. I det følgjande er det nemnt døme på slike tiltak.

## Anleggsfasen

Forureining i samband med sprenging/boring av tunnel skal takast hand

om fortløpande, slik at vassdraget ikkje vert tilført skadelege mengder sprengstoffrestar og små, skarpe partiklar som kan skade fisk.

Delar av tunnelmassane vil kunne nyttast til ulike byggjeformål og vil difor kunne vere ein viktig resurs for lokale byggjeprojekt. Det vil uansett uttak til slike prosjekt verte behov for å opprette permanente massedeponi. Deponia skal opprettast slik at dei er tilpassa eksisterande landskapsfor- masjonar.

Det må takast omsyn til eventuelle kulturminne ved grave- og sprengingsaktivitetar. Generelt skal kraftleidningar, vegar, tunnelpåhugg og massedeponi tilpassast omgjev- nadene. Det skal utarbeidast eigen miljøplan for utbyggingsfasen.

## Driftsfasen

Eit viktig avbøtande tiltak er slepp av minstevassføring. Det vil bli utarbeidd forslag til eit minstevassførings- regime som tek omsyn til naturleg avrenningsmønster og interesser som vert påverka av dette, såkalla *miljøbasert vassføring*. Ei slik løysing vil gje eit meir dynamisk minstevass- føringsregime enn det som tidlegare har vore vanleg ved kraftutbygging. I konsekvensutgreiinga vil ein gjere nærare greie for aktuelle strategiar med omsyn til minstevassføring, og det vil bli rekna ut kva dette vil koste i form av reduksjon i forventet produksjon. Dette må ein sjå i samanheng med pågåande revisjon av eksisterande manøvreringsreglement.

Flere aktuelle avbøtande tiltak vil kunne kome til under konsekvensut- greiingsprosessen.

# Konsekvensutgreiingar

Konsekvensutgreiingane skal danne grunnlag for søknadsbehandlninga av mellom anna vilkår i ein eventuell konsesjon. Ein skal greie ut to hovudalternativ for utbygging. I tillegg skal det nemnast mogelege delalternativ. Det som skil alternativa frå kvarandre, er lengda på strekninga for anlegget, og dermed òg fallhøgde og produksjon. Det skal gjevast ei vurdering av behovet for, og eventuelt forslag til, nærare undersøkingar før gjennomføring av planen eller tiltaket, og undersøkingar med sikte på å overvake og klargjere dei faktiske verknadene av tiltaket. Utgreiingane er tenkt gjennomførte i 2012.

Viktige tema som skal utgreiast er mellom anna:

- Hydrologi og vassføring
- Landskap
- Naturmiljø og naturens mangfald
- Kulturminne og kulturmiljø
- Forureining
- Samfunn

Forslag til utgreiingsprogram er vist i meldinga.

## Vidare saksgang

Melding og konsekvensutgreiing blir behandla etter reglane i plan- og bygningslova. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) behandlar utbyggingssaka. Behandlinga skjer i tre fasar:

### Fase 1 – meldingsfasen

Meldinga og denne brosjyren gjev oversikt over fase 1. Tiltakshavar gjer i meldinga greie for planane sine, og beskriv kva for konsekvensutgreiingar

ein meiner er naudsynte. Føremålet med meldinga er:

- å informere om planane.
- å få tilbakemelding på forhold som tiltakshavar bør vurdere i den vidare planlegginga.
- å få synleggjort mogelege verknader og konsekvensar som bør takast med når det endelege utgreiingsprogrammet skal utformast.

*Høyring:* Meldinga vert kunngjort i lokalpressa og lagt ut til offentleg ettersyn i kommunen. Samtidig vert den sendt på høyring til sentrale og lokale forvaltningsorgan og ulike interesseorganisasjonar. Meldinga og brosjyren vil vere tilgjengeleg for nedlasting på [www.nve.no/vannkraft](http://www.nve.no/vannkraft) i høyringsperioden. Ein kan få ein papirversjon ved å kontakte tiltakshavar. Alle kan uttale seg om prosjektet. Merknader kan sendast via nettsida [www.nve.no/vannkraft](http://www.nve.no/vannkraft), på den sida som gjeld denne saka, til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller i brev til

NVE – Konsesjonsavdelingen  
Postboks 5091  
Majorstua, 0301 OSLO

Høyringsfristen er minimum seks veker etter kunngjeringsdatoen.

*Ope møte:* I høyringsperioden vil NVE arrangere eit ope folkemøte der det vil verte orientert om saksgangen og utbyggingssplanane. Tidspunkt og stad for møtet vil verte kunngjort på [www.nve.no/konsesjonsnyheter](http://www.nve.no/konsesjonsnyheter) og i nokre lokalaviser.



Innløp i Rødungen.

Som avslutning på meldingsfasen fastset NVE det endelige konsekvensutgreiingsprogrammet.

## **Fase 2 – utgreiingsfasen**

I denne fasen blir konsekvensane utgreidde i samsvar med det fastsette programmet, og dei tekniske og økonomiske planane vert utvikla vidare med utgangspunkt i meldinga, høyringsmerknader og informasjon som vert avdekkja under utgreiingane.

Fasen blir avslutta med innsending av konsesjonssøknad med tilhøyrande konsekvensutgreiing til NVE.

## **Fase 3 – søknadsfasen**

Når planlegginga er avslutta, vil tiltakshavar sende søknaden med konsekvensutgreiing til NVE, som sender saka på høyring til dei same forvaltningsorgana og interesseorganisasjonane som i meldingsfasen, og i tillegg til alle som fremja



**Eiva mellom Tvistvann og Rødungen.**

merknader til meldinga. Ein ny brosjyre vil orientere om vidare saksgang og dei endelege planane som konsesjonssøknaden byggjer på. NVE vil også arrangere eit nytt ope folkemøte. Etter ein ny høyringsrunde vil NVE arrangere ei sluttbefaring og deretter utarbeide innstilling i saka. Innstillinga vert sendt til Olje- og energidepartementet (OED) for sluttbehandling.

Endeleg avgjerd blir teke av Kongen i statsråd. Store eller særleg

konfliktfylte saker vert lagde fram for Stortinget.

I ein eventuell konsesjon kan OED setje vilkår for drift av kraftverket og gje pålegg om tiltak for å unngå eller redusere skader og ulemper.

Småkraft AS er eit kraftselskap som vart etablert i 2002. Selskapet byggjer kraftverk i samarbeid med lokale grunneigarar over heile landet.

Eigarane av Småkraft AS er dei fire selskapa Skagerak Energi, Agder Energi, BKK og Statkraft. Sjå [www.smaakraft.no](http://www.smaakraft.no).

## Kven kan du kontakta?

Spørsmål om saksbehandlinga kan rettast til:

### NVE – Konesjonsavdelingen

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

e-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

#### Kontaktperson:

Jakob Fjellanger

tlf. 22 95 92 13

e-post: [jfj@nve.no](mailto:jfj@nve.no)

Spørsmål om konsekvensutgreiingane og dei tekniske planane kan rettast til:

### Småkraft AS

Postboks 7050

5020 Bergen

#### Kontaktperson:

Martin Vangdal

tlf. 988 30 458

e-post: [martin.vangdal@smaakraft.no](mailto:martin.vangdal@smaakraft.no)



Gjeve ut: Januar 2012

Kart og foto: Sweco og Småkraft

Grafisk produksjon: Bodoni

Innløp Tvistvatnet

